



NORSK FORENING FOR KOMPONISTER
OG TEKSTFORFATTERE

FINANSDEPARTEMENTET

0 3. JUL. 2008

Saksnr.

081981-113

Arkivnr.

Postadresse:
Kongensgt. 4, 0153 Oslo
Telefon: 22 47 30 00
Telefaks: 22 47 30 01
E-post: lill@nopa.no
berit@nopa.no
kjetil@nopa.no
URL: www.nopa.no

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

HØYRING-NOU 2008:7 Kulturmomsutvalet

NOPA er ein organisasjon for opphavsmenn og kvinner av musikk, og tekstar til musikk. Vi har medlemmer innafor dei alle fleste musikkgenre som t.d. viser, kor, korps, pop, rock, teatermusikk, musikk til tv, reklame og film, kyrkjemusikk/gospel, samtidsmusikk og jazz.

NOPA er primært ei forening som arbeidar innafor det skapande musikkområdet. Vi er komponistar, musikkarrangører, tekstforfattarar og låtskrivarar. Samstundes arrangerer nokre av medlemmene våre egne konsertar, eller samarbeidar med konsertarrangørar på lokalt plan rundt om i landet og i utlandet.

NOPA fryktar at innføring av kulturmoms vil føra til auka papirarbeid for våre medlemmer og for små idealistiske konsertarrangørar på lokalplan. Vi ser også det uheldige i at konsertane vert dyrare for publikum. Dette påverkar indirekte våre TONO inntekter frå konsertfeltet som mange låtskrivarar og komponistar er avhengige av. TONO baserer seg på brutto billettinntekt ved utbetaling av vederlag til opphavsmenn og kvinner. Dersom konsertinntektene skulle gå ned på grunn av auka billettprisar får komponistar, tekstforfattarar mindre vederlag utbetalt.

NOPA ser at innføring av kulturmoms kan vera positivt for store profesjonelle konsertarrangørar. Men for våre medlemmer vil denne ordninga verka utydeleg i og med at vi idag ikkje har moms på komposisjonar. Innføring av moms på konsertar vil også påføra det mylder av små idealistiske konsertarrangørar rundt om i Noreg meirarbeid.

NOPA meiner difor at Kulturmomsutvalet må ta omsyn til den type små verksemdar våre medlemmer driv ved å forenkla reglar for moms og skattar for skaping av musikk og tekst til musikk. Ei innføring av kulturmoms vil virke kompliserande, fordyrande fordi dette vil setja større krav til føring av reknesskap.

For å gjera bilde enda meir komplisert er mange av våre medlemmer musikarar og/eller artistar ved framføring av egne verk på konsertar. At det då skal vera moms på konsertdelen og ikkje på musikar eller komponist/tekst sida er tungrodd, forvirrande og meir konstnadskevande.

NOPA vil difor oppmoda Kulturmomsutvalet til ikkje å innføra moms på konsertar.

Oslo 2. juli 2008

Mvh NOPA

Ragnar Bjerkreim
Styreleiar